Kommuneplanarbeidet er forventa ferdig i løpet av dette året. Her vil gang- og sykkelvegtrasear kunne bli planlagt, areal erverva, og lagt til rette for framtidig utbygging av gang- og sykkelvegar. Det er stor trafikk gjennom Tuddal, og trafikken vil vere aukande pga hyttebygging og turisme. For framtidige generasjonar, vil det vere eit varig avbøtande tiltak på ei irreversibel utbygging, dersom konsesjon blir gjeven.

Det er også behov for steinmasser ved Røde Kors huset. Hjartdal Røde Kors er eit av dei mest aktive redningskorpsa i landet, og planlegg helikopterlandingsplass nord for Røde Kors huset. Det er god plass for masser i dette området.

Skagerak har i sitt forslag lagt rasteplass nedanfor Sønderlandsbrua. Vi er av den meining at ein rasteplass bør plasserast ovanfor brua, med utsikt mot Gaustatoppen.

Dersom utbygging blir ein realitet, ber vi om at våre forslag blir tatt inn i konsesjonsbetingelsane.

Tuddal, 11.4.2011

For Tuddal Utvikling

Torunn Hovde Kaasa

Torunn Hovde Kaasa, leiar

Kopi: Hjartdal kommune